

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	21.07.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/42624-10
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Berit Vik
<b>E-post</b>	Berit.Vik@vlfk.no
<b>Telefon</b>	41321036

**Vedk. svar på førespurnad om utsett frist for uttale - gnr. 239 bnr. 17 Eknes ytre - Alver kommune**

Vestland fylkeskommune har motteke svar på vår førespurnad om utsett frist i gjeldande sak, der innkommande brev er datert 13. juli og fristen er sett til 10. august. Vi har bedt om utsett frist på tre veker, til 31. august. Vi er litt usikre på kva Alver kommune har landa på, då de skriv:

«Denne søknaden er framleis ikkje komplett. Kommunen vil forsøkje å avvente sakshandsaming til dykk kjem med uttale. Kommunen må i alle tilfelle vurdere om saka er tilstrekkeleg opplyst til handsaming utan uttala jf. Fvl. §17.»

De skriv at søknaden ikkje er komplett, og samtidig skriv de at de vil forsøke å avvente sakshandsaming og vurdere om saka er tilstrekkeleg opplyst til handsaming utan uttala. Har de moglegheit til å klargjere om vi har fått utsett frist eller ikkje? Vi vil understreke at søknaden no er av ein slik karakter – med endring av fasaden mot sjøsida – at det må gjerast ei kulturminnefagleg vurdering. I gjeldande reguleringsplan står det at slike endringar skal til uttale hos oss. Til orientering så blei søknaden vidaresendt til Kulturverntenesta i Nordhordland rett etter at den var motteken, utan at vi har fått tilbakemelding. Dette er heller ikkje venta då vi er i juli månad. Underteikna reiser no snart på ferie, og er tilbake 15. august. Såleis klarer vi ikkje å nå den opphavlege fristen 10. august.

Vedlagt er brevet som blei sendt frå Vestland fylkeskommune, datert 29.06.22, der behovet for utvida høyringsfrist for plan- og dispensasjonssaker blir grunngjeve. Dette går mellom anna på medverknad og krav til samordning mellom ulike saksbehandlarar – og i nokre tilfelle instansar (byggningsvernkonsulentar, museum) - som tek ferie til ulik tid. Det blir vist til pbl. §§ 1-4, 3-2, 5-1 og 19-1. Som saksbehandlarar har vi ansvaret for mange kommunar og vi får inn svært mange saker før hovudferiemånaden juli, men også i løpet av juli, då folk tek ferie til ulik tid. Det blir svært utfordrande for oss å utøve vår medverknadsplikt på ein god nok måte, dersom vi ikkje får utsett frist i denne perioden. Det er elles fleire kommunar som tek høgde for dette når dei sender ut saker nært opp til, eller i juli månad, ved å vise til byggesaksforskrifta (SAK 10) § 7-5 siste setning, samt til pbl. § 21-5 (3). Vi vonar at de kan lande på ei liknande tolking. Vi vil imøtegå dykkar behov for å ferdigstille saken, og ber om utsett frist for vår uttale til 24. august. Altså to veker lenger enn den opphavlege fristen som blei gitt, og ei veke mindre enn det vi opphavleg ba om.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)**Berit Vik**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

<b>Postadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>E-post</b>	<b>Heimeside</b>	<b>EHF-Fakturaadr.</b>	<b>Organisasjonsnr.</b>
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632